



ØRSTA KOMMUNE
Teknisk, eigedom og landbruk

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår referanse
22/3020 23/627

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Gunnar Wangen

Dato
10.01.2023

Aksept for oppstart av arbeid med verneplan for Sunnmørsalpane

Kommunestyret har i møte 15.12.2022, sak 102/22, fatta følgjande vedtak:
Ørsta kommunestyre syner til spørsmål frå Statsforvaltaren vedkomande eit mogleg verneområde i Sunnmørsalpane.

Ørsta kommunestyre meiner at dagens bruk er god forvaltning av naturressursar som ivaretek både naturlandskap og fjellheim m.a. ved beitebruk. Kommunestyret ser ikkje behovet for å nytte offentlege midlar og ressursar til utgreiing av eit mogleg verneområde og ein verneplan i vår kommune.

Med helsing

Gunnar Wangen
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
79/22	Kommunestyret	03.11.2022
102/22	Kommunestyret	15.12.2022

Aksept for oppstart av arbeid med verneplan for Sunnmørsalpane

Samandrag av saka:

Klima- og Miljødepartementet har starta arbeid med supplering av verneområde for å ivareta verdifull natur. Eit verneområde for Sunnmørsalpane er peika ut som kandidat for eit mogleg vernområde, men verneform er ikkje avklara enno. Kommunedirektøren tilrår kommunestyret å gje aksept for at Statsforvaltaren kan starte arbeid med verneplanen. Kommunen tek ikkje stilling til spørsmålet om vern no, dette vil skje seinare i prosessen.

Kommunestyret 15.12.2022

Handsaming:

Frå FrP - Trekt, foreslått av Hans Olav Myklebust, Framstegspartiet

Tillegg:

Ørsta Kommune har ingen forpliktelsar til å gå vidare etter utredning frå Statsforvaltar.

Ørsta Kommune skal ikkje bruke ressursar under utredningsarbeidet.

Det skal ikkje brukast personell, pengar eller andre resursar før etter ny politisk behandling etter framlegget, og anbefaling av resultatet frå undersøkinga.

Framlegg til vedtak , foreslått av Anne Stine Foldal Aam, Senterpartiet

Ørsta kommunestyre syner til spørsmål frå Statsforvaltaren vedkomande eit mogleg verneområde i Sunnmørsalpane.

Ørsta kommunestyre meiner at dagens bruk er god forvaltning av naturressursar som ivaretek både naturlandskap og fjellheim m.a. ved beitebruk. Kommunestyret ser ikkje behovet for å nytte offentlege midlar og ressursar til utgreiing av eit mogleg verneområde og ein verneplan i vår kommune.

Fellesframlegg frå SP og FrP , foreslått av Anne Stine Foldal Aam, Senterpartiet
Ørsta kommunestyre syner til spørsmål frå Statsforvaltaren vedkomande eit mogleg verneområde i Sunnmørsalpane.

Ørsta kommunestyre meiner at dagens bruk er god forvaltning av naturressursar som ivaretek både naturlandskap og fjellheim m.a. ved beitebruk. Kommunestyret ser ikkje behovet for å nytte offentlege midlar og ressursar til utgreiing av eit mogleg verneområde og ein verneplan i vår kommune.

Nytt vedlegg lagt til saka: Tilleggsvurdering knytt til lokal aksept for oppstart av arbeid med verneplan for Sunnmørsalpane i Ørsta kommune

Gunnar Wangen, fagleiar plan og miljø og Statsforvalteren v/Bjarne Otnes, fagleiar naturforvaltning, miljøvernavingdelinga svarte på spørsmål

Hans Olav Myklebust (FrP) foreslo gruppemøte

Etter gruppemøte:

Hans Olav Myklebust (FrP) trekte sitt tilleggspunkt.

Ved alternativ avstemming fekk

Kommunedirektøren si tilråding 13 stemmer (KrF, MDG, SV, V, H, Liv-Randi Volle - SP, AP)

Fellesframlegg frå SP og FrP) 20 stemmer og vedtatt

KST - 102/22 Vedtak

Ørsta kommunestyre syner til spørsmål frå Statsforvaltaren vedkomande eit mogleg verneområde i Sunnmørsalpane.

Ørsta kommunestyre meiner at dagens bruk er god forvaltning av naturressursar som ivaretek både naturlandskap og fjellheim m.a. ved beitebruk. Kommunestyret ser ikkje behovet for å nytte offentlege midlar og ressursar til utgreiing av eit mogleg verneområde og ein verneplan i vår kommune.

Kommunestyret 03.11.2022

Handsaming:

Nytt framlegg til vedtak, Ørsta Senterparti, foreslått av Tove Halse Digernes, Senterpartiet
Ørsta kommunestyre syner til spørsmål frå Statsforvaltaren vedkomande eit mogleg verneområde i Sunnmørsalpane.

Ørsta kommunestyre meiner at dagens bruk er god forvaltning av naturressursar som ivaretek både naturlandskap og fjellheim m.a. ved beitebruk. Kommunestyret ser ikkje behovet for å nytte offentlege midlar og ressursar til utgreiing av eit mogleg verneområde og ein verneplan i vår kommune.

Frp. Tilleggspunkt !, , foreslått av Odd Magne Vinjevoll, Framstegspartiet

Frp. Tilleggspunkt !, Ørsta Kommune har ingen forpliktelser til å gå vidare etter utredning frå Statsforvalter. Ørsta Kommune skal ikkje bruke ressursar under utredningsarbeidet. 2. Det skal ikkje brukast personell, pengar eller andre resursar før etter ny politisk behandling etter framlegget etter framlegg og anbefaling av resultatet frå undersøkelsen

Statsforvalteren v/Hege Steigeland. rådgivar miljøavdelinga og Bjarne Otnes, fagleiar naturforvaltning, miljøavdelinga svarte på spørsmål. Ivar-Otto Kristiansen, kommunnalsjef teknisk, eigedom og landbruk svarte på spørsmål

Ordføraren foreslo å halde gruppemøte

Etter gruppemøte

Karen Høydal(AP) foreslo å utsette saka til neste møte

33 stemmer

Utsettingsframlegget vart vedtatt med 20 mot 13 stemmer (FrP, minus Odd Magne Vinjevoll, H, SV, KrF, V, MDG, Liv-Randi Volle - SP)

KST - 79/22 Vedtak

Utsett til neste møte

Kommunedirektøren si tilråding:

Ørsta kommunestyre syner til spørsmål frå Statsforvaltaren vedkomande eit mogleg verneområde i Sunnmørsalpane.

Ørsta kommunestyre ønskjer at det vert henta inn kunnskapsgrunnlag og gjennomført ei utgreiing av fordelar og ulemper eit mogleg verneområde i Sunnmørsalpane kan ha. Kommunen vil ta stilling til eit verneframlegg på seinare stadiet i prosessen. Kommunestyret gjev såleis Statsforvalteren aksept for oppstart av arbeid med ein mogleg verneplan for Sunnmørsalpane.

Vedtak som innstilling frå Kommunestyret, 03.11.2022 - 79/22
Utsett til neste møte

Saksopplysningar:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har vendt seg til Ørsta kommune om eit mogleg verneområde for Sunnmørsalpane. Det er førebels ikkje teke stilling til kva verneform som er aktuell, nasjonalpark eller landskapsvernområde. Kva område som er aktuelt for vidare utgreiing er vist i eige vedlegg. Føremålet med vurdering og utgreiing av kandidatar for vern er i følgje statsforvaltaren å bidra til å dekke manglane i eksisterande verneområde slik at vi når dei nasjonale måla om å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for framtidige generasjonar og om å ta vare på trua natur. Områda som blir føreslått verna skal også bidra til å danne økologiske nettverk og gjere norsk natur meir robust mot klimaendringane.

Statsforvaltaren gjennomfører dette arbeidet på oppdrag frå Miljødirektoratet. Det er lagt stor vekt på lokal forankring, og det er føresett at vidare arbeid er avhengig av lokal aksept frå kommunen. Det er allereie gitt informasjon til kommunestyret 16. juni i år og det er gjennomført eigne informasjonsmøte for grunneigarar og interesseorganisasjonar 16. juni og 20. oktober.

Statsforvaltaren vender seg no til kommunen for å be om aksept for vidare prosess. Dette inneber ikkje at kommunen på nokon måte tek stilling til spørsmålet om vern no, berre om det vert gjeve aksept for å starte prosessen med utgreiing. Kunnskapsinnhenting og utgreiing vil verte gjennomført av statsforvaltaren. Deretter vil det verte vurdert kva verneform som kan vere aktuell, nasjonalpark eller landskapsvernområde. Dette er tenkt gjennomført i samarbeid med ei lokal referansegruppe. Alle berørte partar vert varsla ved oppstart. I samarbeid med referansegruppa vil Statsforvaltaren utarbeide eit framlegg til grenser for eit verneområde med vernereglar som vil verte lagt ut til høyring med to månaders høyringsfrist. Kommunen vil ha høve til å samtykke i vern eller ikkje ved fleire høve seinare i prosessen fram til slutthandsaming ved kongen i statsråd.

I tillegg til vedlagde brev frå statsforvaltaren med oversyn over foreslått utgreiingsområde, oversyn over saksgang og oppdragsbrev frå Miljødirektoratet, vil representantar frå Statsforvaltaren vere til stades i møtet og svare på spørsmål. Dette vil supplere informasjonen som er gjeve gjennom denne saka.

Vurdering og konklusjon:

Statsforvaltaren omtalar i sitt brev også dei inntrykk som er fanga opp i samband med informasjonsmøta. Det har vore uttrykt noko skepsis frå grunneigarar knytt til auka turisme og mogleg konflikt auka ferdsel kan medføre. Eit vern vil ikkje endre eigedomsretten, og vil heller ikkje føre til restriksjonar på tradisjonell beiting. Dette er openbert eit av dei tema ei vidare utgreiing vil omhandle. Eit ev. verneområde vil verte forvalta av eit lokalt verneområdestyre og det vil verte tilsett ein lokal verneområdeforvaltar. Det vil også verte tilført ressursar til oppsyn, rettleiing og informasjon, og tilrettelegging og kanalisering av ferdsel som mellom anna kan bidra til å redusere brukskonfliktar.

Eit verneområde vil også føre til ei marknadsføring av kommunen og området som kan gje auka status for turistar og såleis auka grunnlag for ei satsing på reiselivsnæring i kommunen og randsona omkring eit verneområde, jf. masterplanen for reiseliv. Potensiale for næringsutvikling knytt til eit ev. verneområde er såleis ein pårekneleg effekt.

Eit verneområde vil ikkje ha direkte økonomiske konsekvensar for kommunen, men kan som det framgår ovanfor ha positive effektar for næringsutvikling. Auka reiselivsaktivitet og auka frilufslivsbruk kan også føre til brukskonfliktar, men desse og ei rekkje andre tema vil verte utgreidd dersom kommunen gir aksept for vidare prosess.

Kommunedirektøren meiner det vil vere rett å gje ein slik aksept for å få fram eit kunnskapsgrunnlag og ei utgreiing av fordelar og ulemper eit mogleg vern kan ha.

Kommunedirektøren meiner også at kan vere ei tapt mogleheit til vidare utvikling av kommunen dersom kommunen skulle takke nei.

Wenche Solheim
kommunedirektør

Ivar-Otto Kristiansen
kommunalsjef